

Fiske som før i Uskedalselva

04.12.2009



Også i år har det vore godt fiske i Uskedalselva og her står Knut Petter Hagen Thorsen med ein laks på 9,5 kilo. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fylkesmannen går inn for å korte inn enda meir av fisket i ny forskrift for fisketider for laks og sjøaure i elvane i fylket. Ei rekkje elvar vil verta heilt stengde for fisket. Men i Uskedalselva held fisket fram som før både etter laks og sjøaure - frå 15. juni til 15. september. Også i år har det vore gode fangstar i elva rundt rekna eit halvt tonn.

For elvane i Rosendal og Omvikdalselva vert det forbod mot alt fiske etter laksefisk. I tillegg vert det forbod mot alt fiske etter sjøaure i elvar og bekker i midtre Hardangerfjord, frå og med Øysteseelva til og med Omvikdalselva.

I Bondhuselva blir det opna for laksefiske i same tidsrommet som i Uskedalselva, men det blir totalforbod mot fiske etter sjøaure.

I Blåelva kan det fiskast etter laks og sjøaure frå 15. juli til 15. september og i Guddalselva etter laks i same tidsrommet. Men også der er det sjøaure-forbod.

I Æneselva er det lov å fiska laks frå 15. juni til 15. september, men også der totalforbod mot sjøaurefiske.

Fylkesmannen opererer med høyringsfrist til 20. januar og vil fastsette endeleg forskrift 15. februar. Den viktigste årsaka til innstramminga som no skjer er rømt laks og lakselus frå oppdrettsnæringa. Også frå før er Hordaland det fylket der flest lakse- og sjøaureelvar er stengt. Stoda er kritisk for mange av stammene av laks og sjøaure.

I dei fleste lakseelvane i fylket er det for lite gytefisk til å oppretthalde produksjonskapasiteten. den høge andelen av rømt lake fører til at dei opprinnelege strammene gradvis vert bytta ut med gener frå oppdrettslaks. Dei fleste sjøaurestammene i området er negativt påverka av lakselus frå oppdrettsnæringa.

Av Ola Matti Mathisen